



Haugen VVA AS
Fabrikkgaten 7b
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3584 - 16/31656

Saksbehandlar:
Atle Dingen
Atle.Dingen@lindas.kommune.no

Dato:
18.11.2016

Godkjend Teknisk plan gbnr. 138/21 Kyrkjevegen - Alver brygge

Viser til planer med søknad om godkjenning, datert 04.11.2016

Generelt:

VVA Anlegga skal vera prosjektert og utført i samsvar med retningsliner i Kommunens VA norm og vegnorma. KS. tekniske og administrative bestemmelser.

Den prosjekterande skal uoppfordra opplysa kommunen om alle punkt og konstruksjonar som avvik frå det overståande, og særskilt søkja om godkjenning av desse .

Leidningsanlegga skal etablerast på frostfri djupne , minimum 1,2 m på snøbrøyta areal

Lindås Kommune krev at sjølveigande leilegheiter/bueiningar som er fritt omsettelege, har eigne, separate vatn- avløpsleidningar frå eigen utvendig stoppekran /stakepunkt og inn i den einskilde leilegheit.

Innmåling:

Utbyggjar skal måle inn ferdige VA Anlegg i h.h.t. til krav i VA norm

Kommunal overtaking av VA Anlegg.

Lindås Kommune Teknisk drift VA overtek vederlagsfritt til drift og vedlikehald:

- Hovudvassleidning frå VK 1 til Eks. 1
- Hovudspillvassleidning frå S 1 til S 6
- Slamavskiljar
- Utsleppsleidning frå slamavskiljar til sjø, i borehol

Merknader til teknisk plan - VA

- Nytt Va anlegg frå VK 1 til eks. 1 må vera etablert før anleggsarbeid med graving / sprenging på tomt blir starta.

Dette inkluderer ny slamavskiljar, borehol utsleppsleidning, pkt. 3, teikning.



Nytt bekkeinntak skal etablerast og førast inn på eksisterande stikkrenne. Her må det sikrast at denne er ok og har tilstrekkeleg kapasitet. Det bør også sikrast at gbnr. 137/687 ikkje får problem med auka vassføring gjennom stikkrenne.

- Pkt. 4. teikning. Det må sikrast at dette ikkje medfører utvasking av veg som går ned til gbnr 137/4 m. fl. Ein må vurdere om denne skal førast over vegen i retning elv.
- Pkt 9. teikning. Midlertidig leidning frå V2. Går ut frå at ein legg permanent leidning frå V2 til eks 1. og at den midlertidige leidningen blir frå området v. eks 1. og inn på eksisterande sjøleidning over Kongsøyna
- Pkt. 5. teikning. Her er det vel mogleg at det kjem inn ein felles stikkleidning til. Dersom ein finn denne stikkleidningen må denne også koplast i VK 1.
- V 4 Denne kumma har svært lite overdekning, slik at den må senkast for å få tilfredsstillande overdekning. Dersom vi får lavbrekk ved V 4., må det monterast lufteventil i V 2

Merknader frå VEG avdelinga til prosjektert løysing ny veg og møtereferat 21.10.2016.

Pel / punkt	Merknad
Pel 0-50	Her skal det leggjast 2 lag med asfalt (5+5 cm), bindlag leggjast før etablering av fortauskant 16-18 cm plasstøpt betong. Topplag skal leggjast etter at fortau er lagt.
Pel 50-110	Del av anlegg som det planleggjast berre fortau og dekke. Her har vegen stor bereevnesvikt og bør forsterkast, som eit minimum bør det gravast til 60 cm under eksisterande og leggjast fiberduk, armeringsnett, 40 cm med 32-64 pukk, 10 cm 0-32 grus og 2 lag asfalt (5+5 cm)
Pel 110-210	I samband med etablering av ny vegmur reknar Vegavdelinga med masseutskifting på heile strekket før etablering av fortau. Vi vil ikkje ha halve vegen med dårleg masse (indre del mot fortau) . Vi reknar med at ved etablering av fundament for ny vegmur så må det gravast til fjell. Viss det på indre del (fortau side) er langt til fjell, kan oppbygging som for pel 50-110 nyttast.
Punkt 8	«Støttemur bygges av grunneier» jfr skildring i prosjekteringsgrunnlag - vi stiller oss skeptisk til om grunneigar har denne kompetansen. Denne muren må byggjast i samband med den andre muren som vert etablert, så får LK ta ansvaret å følgje opp på kostnadsida overfor grunneigar. (jf. punkt b i. i referat)

Før overtakinga skal dette vera på plass:

Sjekkliste for teknisk plan skal fyllast ut på alle relevante punkt.
Sluttdokumentasjon og overtaking skal vera utfyllt og godkjend.

Private fellesleidingar og anlegg.

Ansvar for forvaltning , drift og vedlikehald av felles leidingar og anlegg kviler på utbyggjar til dette i tinglyst form er overført til brukarar eller andre.
Lindås kommune skal til ei kvar tid haldast informert om kven som har dette ansvaret.

Med helsing

Atle Dingen
fung. einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Sjekkliste for teknisk plan - Kyrkjevegen - Alver brygge

Kopi til:

Arne Helgesen
Rune Kilen

Mottakarar:

Haugen VVA AS

Fabrikkgaten 7b 5059

BERGEN